

Fiskeridirektoratet  
postmottak@fiskeridir.no

## **PELAGISK FORENING SITT HØYRINGSSVAR JUSTERING AV GRENSE FOR HAVDELING OG KYSTTORSKVERN**

Pelagisk Forening viser til høringsbrev av 6.3.24

Pelagisk Forening støttar forslaget om flytting av grensa slik som foreslått i høringsnotatet. Dette slik at fartøy på eller over 28 meter kan fiska torsk inn til ei linja strekt mellom Lofotodden og Helligvær.

Pelagisk Forening støttar at torskefisket blir avgrensa til den tida Lofotreguleringa gjeld.

Fordi det i all hovudsak er skrei som blir fiska i området i denne perioden tilseier ikkje omsynet til vern av kysttorsk noverande innskrenking i kor desse fartøya har lov til å fiska.

Direktoratet skriv at «Dersom foreslaget om justering av grensen implementeres vil de negative konsekvensene for flåten på eller over 28 meter reduseres, men det bemerkes at disse i utgangspunktet var vurdert som moderate.» Det er viktig å vera klar over at alle innskrenkingar i kor fiskarar kan fiska må sjåast i samanheng. Ei kvar reversering i geografiske forbod er såleis positivt.

Direktoratet viser til at flåten over 28 meter er mobile. Det er korrekt, men i dårleg vår midtvinters er alle båtar små. Opninga av området er vil såleis truleg føra til mindre landligga, og meir effektivt fiskeri. Det talar for at forslaget bør etterkomast.

Det er opplyst at det ikkje er særskilte brukskonfliktar i området. Omsyn til havdeling talar difor ikkje mot endringsforslaget.

Direktoratet skriv òg at «I vurderingen for sei og hyse er det primært havdelingsproblematikk som gjør seg gjeldende. Etersom bifangsten av torsk er relativt liten, har dette liten betydning for kysttorskvernet. I hovedsak skjer seifisket i februar og mars, før torskefisket starter.»

Pelagisk Forening støttar difor at havdelinga òg bør endrast for fiske etter hysa og sei.

Bergen: 11.3.24.

Pelagisk Forening/  
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland  
Advokat



Mariann Frantsen  
Dagleg leiar